

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Delegasjonsvedtak Plan, utbygging og kommunalteknikk	31.07.2013	HKD	315/13
Utval for drift og utvikling	19.11.2013	BJB	077/13

Avgjerd av: Utval for drift og utvikling Saksbeh.: Bjarte Buanes	Ansv. BJB	Arkiv: GBNR-22/200, N-511	Arkivsaknr 13/1174
---	---------------------	-------------------------------------	------------------------------

KLAGE PÅ HANDSAMINGSGEBYR.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	05.07.2013	Øystein Litleskare	SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ BYGGJEGRENSE FOR OPPFØRING AV MUR OG GJERDE.
1	I	05.07.2013	Øystein Litleskare	SØKNAD OM TILTAK UTAN ANSVARSRETT - OPPFØRING AV MUR OG GJERDE I MJÅTVEITMARKA, GNR 22 BNR 200.
3	U	10.07.2013	Øystein Litleskare	FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK PÅ GNR 22 BNR 200.
4	U	31.07.2013	Øystein Litleskare	GODKJENNING - DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN. GODKJENNING TILTAK UTAN ANSVARSRETT - OPPFØRING AV MUR OG GJERDE I MJÅTVEITMARKA, GNR 22 BNR 200.
5	I	17.09.2013	Øystein Litleskare	VS: KLAGE PÅ HANDSAMINGSGEBYR.

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Saka gjeld klage frå tiltakshavar over fastsett gebyr etter handsaming av dispensasjonssøknad.

Ved søknad stempla innkomme 9.7.2013 søkte Øystein Litleskare om oppføring av ein forstøtningsmur på gbnr. 22/200 i Mjåtveitmarka. Samstundes med søknaden om byggjeløyve vart det òg søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen si byggjegrense mot veg, jf. Plan- og bygningsloven § 19-2.

Gjennom administrativt vedtak av 31.7.2013 i DNT-sak 315/13 vart det gjeve dispensasjon og byggjeløyve som omsøkt, og i medhald av vedtak frå kommunestyret av 12.12.2012 (KS-sak 113/12) vart det same dato fastsett gebyr for kommunen si handsaming av respektivt byggjesaka (kr. 2 800,-) og dispensasjonssaka (kr. 4 300,-), jf. Gebyrregulativ (2013) pkt. C.3.1. bokstav b og pkt. C.6 bokstav B.

Klage:

Gjennom brev stempla innkomme 16.9.2013 har Øystein Litleskare påklaga gebyrfastsettinga tilknytt kommunen si handsaming av dispensasjonssaka. Klagen vert referert i sin heilskap:

”Jeg har i sommer søkt kommunen om tillatelse til å bygge mur rundt min eiendom med adresse Tjørnavegen 45 i Mjåtveitmarka.

Jeg har vært gjentatte ganger i kontakt med saksbehandlere gjennom sommeren for å få klarhet i søkeprosess og nødvendig dokumentasjon til søknaden. Jeg har fått opplyst to ganger at tiltaket faller inn under det som heter ”forenklet tiltak” og at det dermed skulle koste 2800kr i gebyr for å prosessere søknaden.

Jeg har fått en regning på 7100kr som er betalt inn til kommunen i slutten av august. Dvs. 2800kr for forenklet vedtak og 4300kr for søknad om dispensasjon fra byggegrense. Min oppfatning er at jeg ikke er blitt informert om gebyret på 4300kr som kom i tillegg til søknaden om forenklet vedtak. Jeg har spurt om kostnaden om tiltaket som helhet ved minst to anledninger, og har da fått summen 2800kr som svar.

Jeg ber derfor om at 4300kr tilbakeføres fra Meland Kommune.”

Vurdering:

Klagen er framsett etter utlaupt av klagefristen som vart fastsett i det påklaga vedtaket, men administrasjonen finn likevel grunn til å ta saka opp til handsaming.

Gjeldande gebyrregulativet er vedteke av kommunestyret i form av forskrift, og det følgjer dertil av Forvaltningsloven § 28 første ledd at det berre er enkeltvedtak som er gjenstand for klage etter denne lova. Administrasjonen legg likevel til grunn at klagen kan handsamast, ettersom klagen rettar seg direkte mot den konkrete gebyrfastsettinga, nærare bestemt ved at klagaren gjer gjeldande at administrasjonen enten har unnlata å informere om at tenesta var gebyrlagt eller på anna måte har gjeve uttrykk for at slikt gebyr ikkje vil verte kravt.

Administrasjonen kan stadfeste at det har vore gjenteke kontakt mellom tiltakshavar og administrasjonen:

Ved eit høve opplyste ein av kommunen sine sakshandsamarar – på førespurnad frå tiltakshavar om gjeldande regelverk – at det her var tale om eit tiltak som vedkommande sjølv kunne omsøke og at det for slike byggjetiltak gjaldt eit generelt basisgebyr pålydande kr. 2 800,- (“forenkla tiltak”). Ved eit anna høve kontakta tiltakshavar ein annan sakshandsamar for nærmare avklåring av m.a. forholdet til byggjegrensar i plan og eventuell dispensasjon. Tiltakshavar fekk denne gongen opplyst at tiltaket truleg ville vere avhengig av dispensasjon frå nemnde byggjegrænse – som i så fall kravde ei særskilt handsaming – men at dette måtte avgjerast etter ein konkret vurdering av det som eventuelt vart omsøkt (høgde på muren og avstand frå vegkant). Av omsyn til saka si framdrift vart tiltakshavar og den aktuelle sakshandsamaren samde om at tiltakshavar kunne søke om både tiltak og dispensasjon, men kor administrasjonen ikkje ville handsame dispensasjonssaka dersom ein nærmare vurdering skulle tilseie at slik dispensasjon likevel ikkje var naudsynt.

Administrasjonen mottok deretter søknadar om respektivt byggjetiltak og dispensasjon, fann at det var naudsynt med dispensasjon, godkjente begge søknadane og fastsette deretter gebyr for handsaminga av begge søknadane i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Administrasjonen meiner bestemt at tiltakshavar har vorte informert om at det ville gjelde eit særskilt gebyr ved ei eventuell dispensasjonshandsaming, men utan at administrasjonen finn at dette er avgjerande for gebyrplikta i høve til dispensasjonssaka: Det er ikkje på noko tidspunkt gjeve fritak frå slik gebyrplikt og administrasjonen har uansett ikkje heimel til å gje slikt fritak. Vidare kan tiltakshavar ikkje høyrast med at han har vore i noko forsvarleg rettsvillfaring, all den tid det følgjer direkte av gjeldande gebyrforskrift at einkvar dispensasjonshandsaming er belagt med særskilt gebyr.

Administrasjonen finn etter dette at det ikkje er grunnlag for å ta føreliggjande klage til følgje.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”I medhald av gebyrregulativet for 2013 vert gebyrfastsettinga på kr 4 300,- i DNT-sak 315/13 oppretthalde, jf. KS-sak 113/12. Klagen vert dermed ikkje teke til følgje.

Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.”

19.11.2013 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU-077/13 SAMRØYSTES VEDTAK:

”I medhald av gebyrregulativet for 2013 vert gebyrfastsettinga på kr 4 300,- i DNT-sak 315/13 oppretthalde, jf. KS-sak 113/12. Klagen vert dermed ikkje teke til følgje.

Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.”

Rett utskrift

Dato: 22.11.2013

Lillian S. Brakestad

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal og
samfunnsplanavdelinga
Øystein Litleskare